



Osterøy kommune  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Tilbakemelding etter kommunemøte med Osterøy kommune 2024

Vi viser til hyggeleg og godt kommunemøte med Osterøy kommune i Osterøy rådhus 20. juni 2024. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune, for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen som:

- tenesteytar og myndigheitsutøvar
- styring og forvalting
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med Osterøy kommune har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling. Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet til Osterøy var grunnlaget for dialogen i møtet. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.

Ordførar innleia med informasjon om kommunen som samfunn og viste film om utviklinga til øya, og informasjon om både næringsliv, kultur og natur. Han håpa at dagen ville hjelpe dei med å setje kursen vidare framover, utifrå dei sentrale tema og dei oppgåver kommunen står framfor.



## Tenesteytar og myndigheitsutøvar

Dialogtema var knytte til omsorgstenester med heilskapleg planlegging for berekraftig utvikling med fleire eldre, kommunehelse med førebyggjande helsearbeid med brukarmedverknad og involvering. I tillegg var det tema om barnevern for å behalde og rekruttere tilsette med relevant utdanning og erfaring innanfor barnevernet, koordinert førebyggjande arbeid innanfor sosialteneste for og at barn med minoritetsspråkleg bakgrunn får plass i barnehagane.

*Omsorgstenestene* er administrativt organisert under kommunalsjef for Helse, omsorg og velferd. Med ei sterk auke i tal eldre, får også kommunen framover eit auka utgiftsbehov for denne gruppa. Kommunen har oppretta eit eige prosjekt «*Tid for handling*», for å kunne jobbe heilskapleg med planlegging for berekraftig utvikling av omsorgstenestene, både når det gjeld organisering, oppgåvedeling og kapasitet på institusjonsplassar og omsorgsbustader. Dette prosjektet er eit «paraplyprosjekt» for mange mindre prosjekt innanfor helse og omsorg, både med tanke på turnusplanlegging, sjukepleiarteam, akuttsjukepleie, spesialistkompetanse og sjukefråvær. Rekruttere og behalde arbeidskraft er ein viktig føresetnad, og kommunen jobbar både med kompetanseheving, videreutdanning og digitalisering av tenesta. Det er ønskeleg å etablere ein vikarpool, og det blir jobba med eit læringsnettverk i pårørandearbeid. I 2024 – 2025 er det etablert eit læringsnettverk for tenester til personar med utviklingshemming.

Kommunen har etablert Prosjekt Omsorg + for å «handtere» demografiutviklinga, og planlegg for omsorgsbustader med heildøgns pleie i tillegg til å etablere ein demenslandsby innan 2040. Kommunen treng ein netto tilvekst på 96 sjukeheimsplassar eller plassar med ekstra omsorg. Kommunen har eit godt samarbeid med helselaga i kommunen som driv enkelte bustader for eldre, rundt om i bygdene. Det er elles eit godt samarbeid med demensforeininga, og eit samarbeid om helsetenestene med kommunane i Nordhordland, som er svært viktig. Osterøy har ein desentralisert struktur for omsorgstenesta og har nytta KS for å få hjelp med analysedelen.

I det førebyggjande arbeidet innan *kommunehelsetenesta* jobbar kommunen med prioriterte grupper som barn og unge, personar med psykiske lidingar og rusproblem, og eldre med skrøpeleg helse. Ungdomsråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og elderråd, blir inviterte til å bidra i planprosessar og kommunen jobbar etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats). Familiens hus i samarbeid med helsestasjonen er etablert, som eit viktig bidrag i det tverrfaglege samarbeidet. Ungdommane blir invitert å delta, og har mellom anna fått gjennomføre Ungdommens kommunestyre. Kommunen har eit godt samarbeid med NAV, som også er deltakar i diverse utviklingsarbeid. Osterøy er med i CRPD-prosjektet (FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne) til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren synest det er flott at så mykje er med i framtidsbilde for desse tenestene på Osterøy. Kommunen er kreative og nytenkande, og bevisste på korleis ting må henge saman for å trekke i same retning. Tenestene bør bli betre på dei heimebaserte tenestene til den yngre delen av befolkninga. Det er dårleg kapasitet på fastlegane med over 700 personar som står på venteliste, noko som er bekymringsfullt.

*Barneverntenesta* er administrativt organisert under kommunalsjef for Oppvekst, utdanning og kultur. Kommunen jobbar med å rekruttere tilsette med relevant utdanning og erfaring, og med forståing for forsvarleg tenesteutøving. Organisering av tenesta, leiarutvikling og rett bemanning er nokre av tiltaka. Barneverntenesta samarbeider interkommunalt med Modalen og Vaksdal.

Statsforvaltaren registrer at det er sårbarheit knytt til desse tenestene – men at det er viktig å ha fokus på måla, og at kommunen oppnår desse. Det er bra med interkommunalt samarbeid, sjølv om



tenesta på Osterøy no er sårbar og krev stor merksemd. Det blir viktig å få på plass barnevernsleiar og få stabilitet i tenestene. Det er dyrt for kommunane å bruke institusjonane, og mange fell utanfor. Osterøy er nabo til Bergen, noko som kan vere utfordrande med tanke på fosterbarn i private heimar. Osterøy ligg og litt lågt på tal tilsette på helsestasjonen, og er også sårbar på dette området. Kommunen må ha merksemd på korleis dei kan vere ein attraktiv arbeidsplass framover.

### **Styring og forvaltning**

Kommunedirektøren orienterte om den økonomiske situasjonen som er krevjande, med svake/negative netto driftsresultat i økonomiplanperioden. Handlingsrommet er svekka, og prioriteringane framover blir tøffare for å oppretthalde eit tilfredsstillande tenestetilbod. Behova er større enn ressursane, og det krev nødvendig politisk vilje til å gjere endringar. Midlane er i stor grad bundne opp i lønnsutgifter og det er vanskeleg å omprioritere utan å endre tenester og tilbod. Det er så langt ikkje framlegg om endring i struktur. Kommuneplanen blir eit viktig verktøy for å samordne mål og ambisjonar med økonomiplanen, og sjå dette i samanheng med strukturelle endringar. Investeringsar som ligg innanfor prosjektet Omsorg + og yngre-omsorg er eit naudsynt grep, og vil gi gevinst på sikt.

Kommunen har eit potensiale i å bruke Kostra i planlegging og budsjettering, og har nytta KS konsulent til analysearbeid og kunnskapsgrunnlag. Å tenkje langsiktig og ha eit godt nok kunnskapsgrunnlag er viktig med tanke på driftsgrunnlaget og investeringar.

Ordførar opplyser at frå politisk hold har alle budsjett vore samrøystes i tråd med kommunedirektøren si innstilling. Det er vanskeleg når ein må kutte kvart år for å budsjettere opp kostnadsauken. I dagens situasjon er det òg vanskeleg å gjere spesielle grep – t.d. med barnehage og skulestruktur. Det er elles godt samarbeid mellom administrasjon og politikk, men knappe ressursar gjer det vanskeleg å drive politikk med eit perspektiv på omstilling og utvikling.

### **Samfunnsutvikling og demokratisk arena**

*Miljø- og klimaområdet* er administrativt organisert under kommunalsjef for Samfunnsutvikling. Planstrategien vart behandla i juni 2024 og sendt ut på høyring. Miljø- og klimaplanen er under revisjon, og har oppstart til hausten. Naturmangfaldsplanen har oppstart våren 2025. Kommuneplanen sin arealdel er i arbeid og første utkast kjem hausten 2024. Kommunedelplan for vatn og avløp er under revisjon/oppstart.

Når det gjeld arealplanlegging har kommunen fokus på arbeidet med å beskytte karbonrike areal ved framtidig arealbruk, samt arealrekneskap for å få kunnskap om utviklinga. Kommunen nyttar rettleiar frå Region Nordhordland når det gjeld oppbevaring av jordmassar. Osterøy kommune er miljøfyrtårn-sertifisert, og brukar ENØK-ordningar aktivt. Det pågår arbeid med å kartlegge 8 konkrete rasutsette område i 2024, basert på støtte frå NVE. Det er tilsett miljøutdanna person på landbruk som styrkar kompetansen på området. Ein har avgrensa ressursar til å jobbe proaktivt med ymse tilsynsaktivitetar.

*Folkehelseoversikt* og førebyggjande plan er vedteken i juni 2024. Folkehelseprofil og oppvekstprofil skal brukast aktivt som kunnskapsgrunnlag i kvalitetsforbetringa, i tillegg til analyse av Ung data, for oppdatert oversikt. Frisklivssentral er under oppretting, og kommunen har eit godt samarbeid med frivillige organisasjonar.

Når det gjeld det *Bustadsosiale arbeidet* har kommunen utarbeidd Bustadsosial handlingsplan 2021 – 2025. Denne gjer greie for visjonar og mål når det gjeld bustadpolitikk og bustadsosialt arbeid, og skal sikre ei betre organisering av arbeidet og betre oppfølging av denne tenesta. Arbeidet er i gang,



men må samordnast med dei øvrige ressursane i kommunen. Det er komen ny lov om bustadsosiale tenester, som har eit spesielt fokus på barn og unge. Langsiktig planlegging og aktiv bruk av startlån frå Husbanken blir viktig, og at kommunen får kople private utbyggjarar saman med Husbanken og sjå på moglegheiter som ligg her.

### **Open post – verdien av godt planarbeid**

Osterøy listar opp døme på utfordringar som kommunen står i, som må løysast gjennom gode planar:

- Auke i elevar i kommunale skular (nedlegging av private skular)
- Store aukande utfordringar innanfor helse
- Nye krav fører til auke i kommunale gebyr
- Store investeringar gir auke i avdrag og renter
- Vedlikehaldsetterslep
- Rekruttere og behalde tilsette
- Vikarbruk
- Manglande fullfinansiering av statlege tiltak
- Lågt økonomisk handlingsrom

Statsforvaltaren framheva at kommunen har lagt ut ein god og positiv planstrategi, der berekraft er med for alle område. Dette samsvarar med føremål og plansystem i Plan og bygningslova. Det som må løysast er bygging i NLF områda, arealrekneskap – kva behov vi har for areal (eks. romprogram) og vurdere verdien av dette opp mot andre viktige samfunnsinteresser, og om ein kan kutte ut tiltak som ikkje lenger er aktuelle (planvask). Det er ein mogelegheit, når det gjeld diskusjon om dispensasjon i saker om einebustader i LNF område, å legge dette inn som LNF Spreidd. Det er viktig at dette kjem fram i kommuneplanen.

### **Oppsummering, oppfølging og avslutning**

Vi noterte oss at område for folkehelse, bustadsosialt arbeid og naturmangfald peika seg ut for vidare oppfølging, om kommunen ønskjer det. Statsforvaltaren kan følgje opp og bidra med kommunikasjon, rettleiing og tematiske møte innan desse områda. I tillegg til dei sentrale tema som var til drøfting i møtet, har òg kommunebildet til Osterøy fokusområde etter statlege forventningar og vår kjennskap til kommunen på dei andre tenesteområda. Desse fokusområda og andre sentrale tema fortel kva vi i eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv vil leggje særleg vekt på i den vidare dialogen med kommunen.

Kommunebildet til Osterøy kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunemøtet. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

[Kommunebildet til Osterøy](#) er lagt ut på vår heimeside.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Marit Lunde  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

